

Saksnr: 2019/139-1
Saksbehandlar: Bekka Skaasheim

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		02.12.2019

Innstilling til representant frå hovudutval for opplæring og kompetanse til yrkesopplæringsnemnda**Forslag til innstilling**

1. Hovudutval for opplæring og kompetanse føreslårtil medlem i yrkesopplæringsnemnda (Y-nemnda) for valbolken 2020 – 2024.
2. Hovudutval for opplæring og kompetanse føreslårtil varamedlem i yrkesopplæringsnemnda (Y-nemnda) for valbolken 2020-2024.

Samandrag

Fellesnemnda handsama i RS sak 23/19 og 60/19 partsamansetting og reglement for Yrkesopplæringsnemnda. Hovudutval for opplæring og kompetanse skal ha eit medlem i yrkesopplæringsnemnda og føreslår representant og vararepresentant. Valnemnda gir innstilling til fylkestinget.

Bjørn Lyngedal
påtroppande fylkesdirektør opplæring og kompetanse

Bekka Skaasheim
påtroppande assisterande fylkesdirektør
opplæring og kompetanse

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fellesnemnda handsama i RS sak 23/19 og 60/19 partsamansetting og reglement for Yrkesopplæringsnemnda.

Opplæringslova § 12-3 krev at vert oppretta ei yrkesopplæringsnemnd i Vestland fylkeskommune . Yrkesopplæringsnemnda skal være samansett av personleg oppnemnde representantar frå arbeidstakarorganisasjonane (inkludert lærarorganisasjonar), arbeidsgjevarorganisasjonane, fylkeskommunale utdanningsmyndigheiter og elevar/lærlingar.

1. Arbeidsgjevar og arbeidstakarorganisasjonane skal til saman utgjere fleirtalet i nemnda.
2. Kwart medlem er nemnd opp for fire år av gangen og skal ha ein personleg vararepresentant. Arbeidsgjevar- og arbeidstakarrepresentantane skal til saman utgjere fleirtalet i organet.
3. Representantane for elevar og lærlingar skal nemnast opp for to år om gangen.
4. Yrkesopplæringsnemnda konstituerer seg sjølv og nemner opp eit arbeidsutval
5. Yrkesopplæringsnemnda skal nytte prøvenemndene som yrkesutval innanfor kvart av faga/fagområda
6. Yrkesopplæringsnemnda i Vestland skal ha 12 faste medlemmer der arbeidsgjevar- og arbeidstakarorganisasjonane har fleirtal med til saman 8 representantar. I tillegg skal det nemnast opp to politiske representantar, ein elevrepresentant, og ein lærlingrepresentant.

Forslag til partsamansetting:

LO: 2

YS: 1

UNIO/Utdanningsforbundet : 1

NHO: 1

KS: 1

Virke: 1

Spekter: 1

Politiske representantar: 2 (1 frå hovudutval for opplæring og kompetanse, og ein frå hovudutval næring, naturressursar og innovasjon.)

Elev/lærlingrepresentant: 2

I tillegg skal opplæringskontora skal ha ein representant med møte- og talerett.

Alle representantane skal ha lokal/regional forankring.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse gir forslag til valnemnda. Valnemnda innstiller til fylkestinget som gjer vedtak i saka.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Regional planstrategi: Ikkje relevant